



Kommuneplan Samfunnsdelen

PLANPROGRAM



Fastsett av kommunestyret 19.05.21, sak KOM 028/21

INVITASJON

Korleis skal framtida i Askvoll kommune verte?

Kva er god utvikling i Askvoll?

Kva er viktigast å bruke ressursane på?

Korleis skal vi takle problem og utfordringar vi står ovanfor?

Korleis skal vi utnytte dei godene vi har på best mogeleg måte?

VI VIL HØYRE MEININGA DI!

Fortell oss kva du meiner er viktig, no før vi begynner å utarbeide sjølve planforslaget. Jo tidlegare vi får innspel, desto lettare er det å ta omsyn til dei, og innarbeide dei i kommuneplanen. Det er dessutan viktig at kommuneplanen viser dei måla og den styringsretninga som innbyggjarane verkeleg ønskjer. Ein plan som ingen vil følgje er bortkasta ressursar, og kan i verste fall verte eit hinder for den utviklinga vi ønskjer seinare. Vi ønskjer at flest mogeleg engasjerer seg i planarbeidet!

Under heile planarbeidet vil informasjon vere tilgjengeleg på kommunen sine internetsider www.askvoll.kommune.no.

Dersom du har innspel, merknader, synspunkt eller spørsmål kan du kontakte kommunen når som helst i planprosessen.

Brev sendast til Askvoll kommune, pb. 174, 6988 ASKVOLL.

E-post kan du sende til postmottak@askvoll.kommune.no.

Ønskjer du ein samtale på telefon eller eit møte, kan du ringe kommunen på tlf. 57 73 07 00 og taste 3 for å bli sett over til Bygg- og eigedomsavdelinga, eller ringe direkte til den du ønskjer å snakke med. (Direktenummer finn du på kommunen sine heimesider.)

1. INNLEIING

Etter plan- og bygningslova skal kommunen ha ein samla kommuneplan som omfattar ein samfunnsdel med handlingsdel og ein arealdel. Kommuneplanen skal ivareta både kommunale, regionale og nasjonale mål, interesser og oppgåver, og bør omfatte alle viktige mål og oppgåver i kommunen.

Askvoll kommune skal revidere samfunnsdelen av kommuneplanen.

Det første steget i planprosessen er å utarbeide eit **planprogram**, jf. plan- og bygningslova §11-13.

Planprogrammet skal vise kva tema ein skal sjå nærare på i planen, og korleis ein skal gjennomføre planarbeidet.

Planprogrammet skal avklare tidleg i planprosessen

- føremålet med planarbeidet
- planprosessen med fristar og deltagarar
- opplegget for medverknad
- kva for alternativ som vil bli vurdert, tema og fokusområde
- trøng for utgreiingar


Planprogrammet skal leggast ut til offentleg ettersyn. Kommunen skal innarbeide merknadene som kjem inn og fastsette endeleg planprogram.

Sjølvve planen - samfunnsdelen av kommuneplanen - skal utarbeidast ut frå det fastsette planprogrammet.

2. BAKGRUNN FOR PLANARBEIDET

Askvoll kommunestyre vedtok kommuneplanen sin samfunnsdel med handlingsdelen i 2011. Arealdelen av kommuneplanen vart vedteken i 2015. Korkje samfunnsdelen, handlingsdelen eller arealdelen har vore revidert i ettermiddag. I 2011 vedtok kommunestyret kommunedelplan for klima og energi. Heller ikkje denne har vore revidert seinare.

Kommuneplanen er ein overordna styringsreiskap, men skal ikkje vere ei stiv ramme som er bestemt ein gong for alle. Ting forandrar seg heile tida. Kommuneplanen har vanlegvis eit tidsperspektiv på om lag 12 år. Handlingsdelen skal seie korleis planen skal følgjast opp dei 4 nærmaste åra, og skal reviderast kvart år. Kommunestyret skal minst ein gong i kvar valperiode, dvs. kvart fjerde år, vedta ein communal planstrategi. Den vert det teke stilling til om kommuneplanen eller delar av kommuneplanen skal reviderast.



Kjelde: Rettleiar T-1492 Kommuneplanprosessen – samfunnsdelen – handlingsdelen, Miljøverndepartementet

Kommuneadministrasjonen utarbeidde i 2020 dokumenta «Utviklingstrekk – kunnskapsgrunnlag for communal planstrategi» og «Folkehelseoversikt for Askvoll kommune 2020-2023». Dokumenta viser utvalde utviklingstrekk og utfordringar i vår kommune. Desse dokumenta vart nytta som grunnlag for å utarbeide den kommunale planstrategien. Planstrategien for Askvoll kommune vart vedteken av kommunestyret 30.09.20 i sak KOM 058/20.

Planstrategien slår fast at det er trond for revisjon av kommuneplanen, både samfunnsdelen og arealdelen. Det er viktig med ei tydeleg prioritering av satsingsområde og hovudmål, og at innsatsområda er tverrsektorielle, slik at samfunnsdelen kan bli eit reelt styringsverktøy. Både plankart og føresegner i arealdelen bør reviderast. I dag har ein meir og betre informasjon om tema og korleis klimaet og miljøet har utvikla seg, og kva tiltak kommunar bør sette i verk for å imøtekome dei overordna klimamåla, enn det ein hadde då kommunedelplan for klima og energi vart vedteken. Planstrategien fastset at kommunen skal starte arbeid med revidering av samfunnsdelen i 2020. Klima- og energiplanen skal innarbeidast som ein del av samfunnsdelen. Revidering av arealdelen skal starte i 2021.

Samfunnsdelen skal gje overordna føringer for innhaldet i arealdelen. Når ein nærmar seg vedtak av samfunnsdelen, vil ein starte opp arbeidet med rullering av arealdelen av kommuneplanen. Oppstarten vert kunngjort tilsvarende som for samfunnsdelen, og det vert laga nytt planprogram for dette arbeidet.

3. RAMMER OG FØRESETNADER FOR PLANARBEIDET

Plan- og bygningslova styrer i hovudsak planarbeidet i kommunen. I tillegg er det mange ulike sektorlover som har verknad for kommunen sitt arbeid. Forvaltninga etter desse sektorlovene er ofte lagt til andre styresmakter enn kommunen. Nokre lover er sektorovergripande og i stor grad styrande for planarbeidet og kommunen sine handlingar, td. folkehelselova og naturmangfaldlova.

I tillegg til gjeldande lovverk er det gjeve føringar både på nasjonalt og regionalt nivå.

Nasjonale retningsliner:

Mål og rammer for den nasjonale politikken kjem fram i statlege planretningsliner, rikspolitiske retningsliner (RPR), stortingsmeldingar, handlingsplanar og rundskriv.

Nasjonale forventningar:

Regjeringa skal kvart fjerde år legge fram nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging for å fremje ei berekraftig utvikling i heile landet.

«Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019-2023» inneheld ei rekke forventningar innanfor følgjande fire hovudtema:

- Planlegging som verktøy for helskapleg og berekraftig utvikling
- Vekstkraftige regionar og lokalsamfunn i heile landet
- Berekraftig areal- og transportutvikling
- Byar og tettstadar der det er godt å bu og leve.

FNs berekraftmål skal leggast til grunn for samfunns- og arealplanlegginga; «Regjeringa har bestemt at dei 17 berekraftmåla til FN, som Noreg har slutta seg til, skal vere det politiske hovudsporet for å ta tak i dei største utfordringane i vår tid, også i Noreg. Det er derfor viktig at berekraftmåla blir ein del av grunnlaget for samfunns- og arealplanlegginga».



FNs berekraftmål:

Berekraftmåla vart vedtekne av FNs generalforsamling i 2015. FN sine berekraftmål er verda sin felles arbeidsplan for å utrydde fattigdom, bekjempe ulikskap og stoppe klimaendringane innan 2030. Dei består av 17 hovudmål og 169 undermål, og tek sikte på å fremje sosial, miljømessig og økonomisk berekraft. Eitt av hovudprinsippa i berekraftmåla er at ingen skal utelataast («Leaving no one behind»). Dei mest sårbare menneska må difor prioriterast. Mål nr. 17 er spesielt viktig – for å kunne oppnå berekraftig utvikling er ein avhengig av samarbeid mellom styresmakter, næringslivet og sivilsamfunnet.

Regionale retningsliner:

På regionalt nivå gir regional planstrategi, fylkesplan og ulike fylkesdelplanar og strategiar føringar for kva kommunen skal gjere.

Alt dette er mål og rammer som kommunen må legge til grunn i planarbeidet

Folketalsutviklinga og befolkningssamansettinga vil legge føringar for korleis ein bør disponere ressursane i kommunen. På den andre sida vil måten vi disponerer ressursane på verke inn på korleis folketalsutviklinga og befolkningssamansettinga vert i framtida.

4. FØREMÅLET MED PLANARBEIDET

Kommuneplanen er kommunen sitt overordna styringsdokument. Samfunnsdelen skal ta stilling til langsiktige utfordringar, mål og strategiar for kommunesamfunnet som heilskap og kommunen som organisasjon. Samfunnsdelen legg rammer for verksemda i sektorane i kommunen, og vil vere grunnlaget for andre langsiktige og kortsiktige plandokument. Han skal òg leggast til grunn for staten og regionale styresmakter si verksemder i kommunen.

Samfunnsdelen skal svare på desse spørsmåla:

- Kor er vi?
 - status og utfordringar
- Kor skal vi?
 - visjon og mål
- Korleis skal vi komme dit?
 - strategiar og tiltak

Samfunnsdelen skal sette mål for ei ønska utvikling i kommunen, og peike på tiltak for å nå desse måla. Han skal omhandle

- Kommunen sine oppgåver
 - Forvaltning (styresmakt iht. lovverk)
 - Tenesteproduksjon (tilbod til innbyggjarane)
 - Samfunnsutvikling
- Kommunen som organisasjon

Samfunnsdelen skal legge føringar for arealforvaltninga, altså kva for prinsipp og løysingar ein skal legge til grunn og innarbeide i arealdelen.



Den kommunale planstrategien gir ei oversikt over dei viktigaste utviklingstrekka og utfordringane for kommunen framover:

Demografi og befolkningsframskrivingar

Befolkningsutviklinga er knytt til skeiv alderssamsetnad og fråflytting. Fødselstala er stabile, men det er stort sett fødselsunderskot. Gjennomsnittsalder blant innbyggjarane er høg. Framskrivingar syner at den skeive alderssamsetnaden vil auke og at det vert fleire eldre sett i høve til personar i yrkesaktiv alder. Kommunen er avhengig av innflytting for å kunne halde folketalet stabilt. Ein stadig større del av befolkninga i fylket bur i eller nær større bysentera, og netto flyttestraumar går frå periferi til sentrum. Dette er ein langsigkt trend som skjer globalt, nasjonalt og i den einskilde kommunen.

Folkehelse og levekår

I følge folkehelsekartlegginga for Askvoll kommune er helsetilstanden i befolkninga generelt lik eller betre enn landsgjennomsnittet. Som i resten av landet, aukar dei økonomiske skilnadene. Talet på born frå hushald med vedvarande låg inntekt har vakse. Helse og deltaking i samfunnet er område som blir råka negativt av auka sosial ulikskap. Å jobbe for at alle har like mogleger til å delta er grunnleggande for å utjamne sosial ulikskap.

Det kan sjå ut som det vert fleire innbyggjarar med utfordringar knytt til eiga psykisk helse. Einsemd vert opplevd hjå fleire unge. Psykisk uhelse skapar store helse- og samfunnsutfordringar. Ein må ha fokus på folk sine føresetnader, og fremje meistring, tilhørsle, utvikling, vekst, mein og positive relasjonar i utvikling av kommunale tiltak. Befolkninga er mindre fysisk aktiv enn tidlegare og delen overvektige aukar. Det ligg eit stort potensiale i å auke fysisk aktivitet i befolkninga. Dette gjev betre helse og førebygger sjukdom hos den enkelte, som igjen er av samfunnsøkonomisk interesse.

Kunnskapsgrunnlaget syner at trivsel blant ungdomsskuleelevarane har gått noko ned, og at delen som ikkje fullfører vidaregåande opplæring har auka. Ein tilsynelatande auke i fråfall kan ha mange årsaker, og kan vere tilfeldige utslag på statistikken. Men det kan òg indikere at vi ikkje klarer å bidra nok til at fleire ungdomar får dei ferdigheitene, både fagleg og sosialt, som er nødvendig for å mestre opplæringa på vidaregåande nivå. Ei god utdanning er grunnlaget for å forbetra menneske sitt liv, og fokus på godt læringsmiljø i barnehage og skule og gode fritidstilbod er viktig.

Samferdsel, samfunnsutvikling og bustadstruktur

Ferje- og busstilboden er lite frekvent og kollektivtilbod står i stadig fare for å bli redusert.

Det er ressurskrevjande å oppretthalde standard, utbetre og vedlikehalde vegane.

Samstundes er trygge og gode vegar og gang- og sykkelvegar viktig for å auke attraktiviteten til sykling, gonge og kollektivtransport.

Sentrale føringar legg opp til fortetting og transformasjon innanfor eksisterande byggjeområde, før nye område vert tekne i bruk. Omsyn til klima, miljø og energi må vektleggast i val av utbyggingsstruktur og tettstadsutvikling. Eit noko meir konsentrert utbyggingsmønster kan redusere transportbehov, gje betre grunnlag for kollektivtilbod, auke bruk av gonge og sykkel som transportform, og utnytte sosial og teknisk infrastruktur på ein betre måte. Bustadstrukturen i Askvoll består i hovudsak av einebustadar og eit svært spreidd busettingsmønster. Askvoll har mange levedyktige bygder med utviklingspotensiale, der det vert viktig å legge til rette for bustadbygging på tomter som vert oppfatta som attraktive. Det er noko lite mangfold i bustadtilboden og det manglar attraktive og byggjeklare tomter i områda som har høgast vekst. Føreliggande statistikk gjev ein indikasjon på at det i åra framover vil vere behov for fleire bustadar med ulike storleikar og fasilitetar. I

planarbeidet er det viktig å finne ein balanse mellom klima- og miljøomsyn, service- og tenestetilbod og omsyn til å oppretthalde den eksisterande spreidde strukturen.

Næringsliv og sysselsetjing

Kommunen har hatt låg arbeidsplassvekst dei siste åra og relativt få nyetablerte verksemder. Enkelte verksemder har vanskar med å rekruttere relevant arbeidskraft, og kommunen har relativt få kompetanseintensive næringar med behov for arbeidstakarar med høgare utdanning. Lite mangfald blant bedriftene gjer det utfordrande å tiltrekke seg nye innbyggjarar og skaffe arbeid til to. Betre kommunikasjonar på sjø og land er viktig for dei som må pendle ut av kommunen for å finne høveleg arbeid.

Langsiktige og stabile rammer er vesentleg for næringslivet. Kommunen har ei viktig oppgåve med å legge til rette for at næringslivet kan finne ønska areal og lokale, og generelt som bidragsytar til vidareutvikling og vekst i både nye og eksisterande næringar i kommunen.

Klimaendringar og klimatilpassing

Globale klima- og miljøutfordringar påverkar øg Askvoll. Klimaet er i endring og hyppigare ekstreme naturhendingar i form av styrregn, flaum, ras og skred kan påverke kritisk infrastruktur, natur- og kulturmiljø. Klimaendringar kan øg spele inn og påverke tilhøva og kostnader for fleire naturbaserte næringar. Som følgje av havstigning vil stormflonivået auke og er forhold som vi må planlegge for i framtida. Arealplanlegginga må ta omsyn til dei auka naturfarane.

Dei forventa klimaendringane med auka årstemperatur, meir nedbør og meir intens nedbør og auka fare for stormflo, skred og tørkeperiodar vil føre til konsekvensar for både natur og samfunn. Både eksisterande bygg og infrastruktur og nye prosjekt og tiltak må ta høgde for klimaendringane. Kommunen må gjere vurderingar og tiltak innanfor alle dei ulike områda og sektorane i kommunen.

Klimagassutsleppa per innbyggjar i Askvoll kommune er svært høge samanlikna med snitt for landet. Mesteparten av utsleppa kjem frå sjøfart, vegtransport og jordbruk. Kommunen har ei viktig rolle med å stimulere til og bidra til reduksjon av klimagassutslepp, meir effektiv energibruk og miljøvenleg energiomlegging.



Ut frå dei utviklingstrekka og utfordringane som er vist, ønskjer kommunen å prioritere følgjande fokusområde i samfunnssdelen:

1. Utfordringane knytt til folketalsutvikling og alderssamsetnad på innbyggjarane

Den forventa nedgangen i tal personar i produktiv alder og at det vert færre yrkesaktive per pensjonist kan gje redusert tilgang til arbeidskraft og mindre kommunale inntekter. For det første bør ein legge til rette for ein effektiv helse- og omsorgssektor som er i stand til å tilby dei offentlege tenestene i eit tilfredsstillande omfang. For det andre bør ein jobbe med tiltak for å sikre høg yrkesdeltaking for alle grupper. For det tredje bør ein legge til rette for at eldre i størst mogeleg grad kan vere sjølvhjelpe, bu heime lengst mogeleg og bidra som ein aktiv ressurs i lokalsamfunnet. Aktivitet, kosthald og førebygging av skader er viktig. Kommunen vil ta stilling til korleis løysingane i «Leve heile livet»-reforma kan tilpassast lokale forhold. Løysingar må innførast i samarbeid med ulike tenesteområde, frivillig sektor og andre aktørar i lokalsamfunnet. Prosessen må tuftast på god brukarmedverknad.

2. Folkehelse – sosial utjamning, trivsel og mestring for flest mogeleg

Folkehelsearbeid er samfunnet si samla innsats for å oppretthalde og betre helsa i befolkninga. Trivsel, tryggleik, tilhørsle og tilgjengeleighet er grunnleggjande faktorar for positiv samfunnsutvikling og for folkehelsearbeidet. Vi kan sjå på helse som endepunktet i ei årsakskjede. Grunnleggande sosiale tilhøve som utdanning og økonomi vil saman med miljøtilhøve, levevanar og helsetenester påverke helsa. Kommunen kan setje inn tiltak for å betre helsa og utjamne helsekilnader på alle ledd i årsaskjeda. Nøkkelen til reduserte helsekilnader ligg i den samla innsatsen, og ikkje i nokon få enkeltiltak. Innsatsen må gjerast på tvers av sektorane. Folkehelseområdet er svært omfattande, og kommunen ønskjer å fokusere på følgjande tema: sosial ulikskap og like moglegheiter til å delta, trivsel og inkludering, psykisk helse, kosthald og fysisk aktivitet, godt læringsmiljø og gode læringsresultat i barnehage og skule. Hovudinnsatsen bør leggast på førebygging og oppfølging i høve til barn og unge. Tidleg, tverrfagleg og rett innsats i heile oppvekstløpet er særskilt viktig.

3. Attraktive lokalsamfunn og gode nærmiljø

Attraktivitetstiltak, dvs. stadutvikling og tiltak for å tiltrekke og behalde innbyggjarar, er viktig for næringsarbeidet og samfunnsutviklinga. Kommunen må få eigne ungdomar tilbake til Askvoll, og samtidig få andre tilflyttarar til å bli i kommunen. Askvoll kommune har høg bustadattraktivitet og må legge til rette for tilgjengelege og attraktive bustadomter. Revisjonen av arealdelen skal legge rette for at kommunen får ta i bruk areal som sikrar attraktive bustadomter. Dei gode buområda med pendling på inntil ein time til arbeidsplassar utanfor kommunen bør synleggjera betre. Kommunen må vurdere korleis ein kan bidra til å få fram utbyggingsklare areal og leggje til rette for eit mangfold i bustader i samarbeid med private. Tilbodet av organisasjonar, fritidstilbod og kulturtild tilbod påverkar korleis kvar enkelt kan utfalte seg og bidreg samstundes til å skape identitet og tilhørsle i eit lokalmiljø. Det same gjeld tilgangen på opne møteplassar, rekreasjonsområde og urørt natur. Opplevinga av lokalmiljøet vil òg vere prega av utsiktene til utdanning, arbeid og familieetablering på sikt. Ein må sjå på korleis ein kan kan oppnå mest mogleg allsidige kultur- og fritidstilbod og legge til rette for møteplassar og aktivitetar for alle, òg dei med særlege behov. Frivillig sektor er viktig, og ein må

arbeide for at engasjementet blir like stort i nye generasjonar òg når ressursar i form av økonomi og løna personell minkar. Kommunen må tilstrebe at tenestetilbodet opplevast nokonlunde likt uavhengig av kva del av kommunen ein bur i.



4. Næringsliv og verdiskaping

Askvoll kommune må vere ein attraktiv stad å drive, utvikle og etablere berekraftig næringsverksem. Tilgjengelege og attraktive næringsareal er viktig og vi har få attraktive og byggjeklare næringsområde tilgjengeleg i dag. Fokus på å skape arbeid med ulikt utdanningsnivå vil kunne bidra til meir mangfald og gje eit meir robust næringsliv for framtida. Det vil for fleire tenester bli viktig å skaffe nok og rett kompetanse. Det betyr at ein må ha fokus på rekruttering, og kunne tilby attraktive heile stillingar og arbeidsoppgåver. For mange arbeidsoppgåver blir godt samarbeid med nabokommunar viktig, samt at kommunen er organisert slik at kompetansen blir effektivt nytta. Ved å legge til rette for fleire arbeidsplassar i kommunen vil vi kunne redusere delen pendlarar blant eigne innbyggjarar, og trekke til oss fleire innbyggjarar. Vi har unike naturområde og ein rik kulturarv som gjev grunnlag for eit sterkt reiseliv og meir heilårsturisme. Med mange mindre reiselivsaktørar har kommunen potensiale til å skape verdiar gjennom kopling av reiseliv, arrangement, kulturarv og næring. Askvoll har òg eit sterkt miljø innan marin og maritim næring, og innovasjon innan marin sektor kan gje nye mogelegheiter. Askvoll har mange hytter og fritidseigedommar. Kommunen og næringslivet må legge til rette for å ta i bruk deira kjøpekraft og innsatsvilje på ein god måte. Vi bør styrke det næringsrelaterte samarbeidet i kommunen og på tvers av kommunegrensene. Samarbeid mellom bedrifter, det offentlege og andre private aktørar for å skape utvikling og verdiskaping er ein viktig faktor.

5. Klimatilpassing og reduksjon av klimagassutslepp

Vi må legge til rette for eit lokalsamfunn som tek miljøomsyn, sikrar miljø og naturressursar mot nedbygging og forureining og bidreg til å førebygge klimaendringar. Kommunen må i klimatilpassinga vurdere korleis ein best kan ta omsyn til dei auka naturfarane og generelt ta høgde for klimaendringane, både når det gjeld eksisterande bygg og infrastruktur og nye prosjekt og tiltak. Når det gjeld reduksjon av klimagassutslepp, meir effektiv energibruk og miljøvenleg energiomlegging må

kommunen gå gjennom alle sine sektorar og vurdere på kva område det kan gjerast størst utsleppsreduksjonar og kor det er lettast gjennomførbart. Kommunen må òg vurdere korleis ein kan stimulere til at andre partar reduserer sine klimagassutslepp. Ein må ha eit gjennomtenkt forhold til kva løysingar ein vel på ulike sektorar for framtida, slik at ein unngår å skape nye, unødvendige klimagassutslepp, td. ved eit klima- og miljøvennleg utbyggingsmønster der transportbehovet vert avgrensa og verdifulle areal vert spart.

6. Infrastruktur

For ein distriktskommune er god infrastruktur vesentleg. Innbyggjarane skal enkelt kunne komme seg til jobb og nyte ulike tilbod, og næringslivet må kunne få fram varer og tenester. Posten skal fram i tide. Kollektivtrafikken må passe til behovet. Gode kommunikasjonar gir fridom og kan bidra til at folk vel å bli buande her. Digitaliseringa av samfunnet går fort. Dette opnar for mange moglegheiter, men òg utfordringar.

Kommunen må ta grep slik at ein kan henge med på utviklinga. Sjølvbetjente løysingar kan effektivisere og gje betre tenester. Å legge til rette for bruk av velferdsteknologi i helse- og omsorgsteneste er eit viktig tiltak for å sikre gode tenester i åra framover.

Kommunen må sikre økonomiske ressursar, kapasitet og kompetanse i dei ulike sektorane til å utvikle og drifte løysingane. For innbyggjarane kan det gje moglegheit til å bu og jobbe i lokalmiljøet, med marknad og kollegaer i andre delar av landet og verda. Kommunen må arbeide for at føresetnadene for digitaliseringa er på plass.

Infrastrukturen må vere rusta for behovet. Det må vere god mobildekning og breiband med høg kapasitet i alle delar av kommunen. Det er òg viktig at innbyggjarane vert sett i stand til å nyte dei ulike løysingane, slik at ei unngår eit klassekilje mellom dei som er gode og dei som er mindre gode på å bruke data, og dermed meir utanforskap.

FNs berekraftmål skal leggast til grunn i planlegginga. Det vil seie at når vi vel mål og tiltak, så må vi sjekke dei opp mot berekraftmåla om dei er berekraftige og kan nåast på ein berekraftig måte. Samtidig må vi sjå på berekraftmåla om vi har teke med nok mål og tiltak, slik at vi hjelper til med å oppfylle berekraftmåla. Berekraftmål nr. 17 er viktig for alle dei tema ein ser på – vi må samarbeide for å nå måla. Vi må vurdere om dei måla vi set oss kan løysast betre dersom vi samarbeider med andre offentlege styresmakter, næringslivet, lag og organisasjonar eller andre.

Med den førespegla utviklinga i folketal/alderssamsetjing og kommuneøkonomi, vil det vere nødvendig å arbeide meir effektivt og prioritere sterkare. Det vil vere viktig å skape ei felles forståing for desse utfordringane, både i kommuneorganisasjonen og i samfunnet elles. I planarbeidet vil ein prøve å få fram dette.

Den eksisterande kommuneplanen har ikkje vore rullert. Det har heller ikkje vore noko særleg kopling og samspel mellom dei ulike planane i kommunen. Ein tek no siktet på å få til eit meir samanhengande planverk, der kommunedelplanar og tema-/sektorplanar byggjer på føringane i samfunnsdelen. Handlingsdelen, som inneheld dei tiltaka ein vil gjennomføre, må bli eit meir aktivt verktøy, og skal koplast saman med økonomiplanen.

Kommunen ser ikkje trong for utgreiingar for spesielle tema. Så langt ein ser i dag, er eksisterande kunnskap tilstrekkeleg for å kunne sette mål og tiltak i samfunnsdelen.

5. OPPLEGG FOR MEDVERKNAD OG INFORMASJON

Kommunen skal legge til rette for medverknad. Innbyggjarar, lag/organisasjonar, offentlege organ og andre interesserte har høve til å komme med innspel og merknader to gonger i løpet av planprosessen; når planarbeidet vert starta opp/planprogrammet lagt ut til offentleg ettersyn, og når sjølve planen er utarbeidd og lagt ut til offentleg ettersyn.

I forkant av arbeidet med planprogrammet har det vore arrangert ein temadag. Målet med temadagen var å samle politikarane i kommunestyret og råd og sentrale medarbeidarar i administrasjonen til ein felles gjennomgang av kunnskapsgrunnlaget og drøfting av strategiske val for utviklinga framover.

Oppstart av planarbeidet vert kunngjort i avis og på kommunen sine nettsider samstundes med at framlegg til **planprogram** vert lagt ut til offentleg ettersyn. Aktuelle fagstyresmakter og lag/organisasjonar vert varsle med brev, der kommunen oppmodar om å komme med innspel både til planprogrammet og sjølve planen. Merknadene som kjem inn vert innarbeidd i framlegget, og kommunestyret fastset endeleg planprogram. Fastsett planprogram vert sendt ut til dei som har gjeve uttale til det.

Medan framlegget til planprogram ligg til offentleg ettersyn, ønskjer administrasjonen å ha **fellesmøte** med alle velforeiningane, der ein går gjennom og diskuterer planarbeidet.

Litt seinare vert det **folkemøte**. Kommunen presenterer planarbeidet og planprogrammet, og kvar av velforeiningane presenterer bygda si og dei utfordringane dei har/ønskje for framtida. Det må vere god tid til debatt. Møteforma og tal deltarar må vurderast og tilpassast smittevernreglane på det aktuelle tidspunktet.

I forkant av folkemøtet ønskjer kommunen å sende ut **SMS-varsel** til husstandane med informasjon om planarbeidet og oppmading om å komme med innspel

Formannskapet startar å utarbeide framlegg til plan, hovudsakleg overordna tema, etter kvart som det begynner å komme inn innspel til planprogrammet/planen.



Planprogrammet vert fastsett i kommunestyremøte kort tid etter høyringa.

Formannskapet skal vere **styrings- og arbeidsgruppe** for planarbeidet. Dei vil ha føre seg planen mykje oftare enn berre ved den lovpålagte sakshandsaminga, og arbeide konkret med innhaldet i planen. Det vil vere naturleg å samarbeide med/trekke inn ulike delar av kommuneadministrasjonen avhengig av kva tema som vert drøfta.

Barnrepresentanten vil bli trekt inn i arbeidet nokre gonger i løpet av planprosessen. Når det gjeld medverknad og informasjon iht. "svake" grupper vil kommunen nyte sine eigne utval, dvs. ungdomsrådet og fellesrådet for eldre og menneske med funksjonsnedsetjing.

Formannskapet utarbeider framlegg til **plan**, både overordna målsettingar, delmål, strategiar og handlingsdel. Når kommunestyret skal handsame saka og legge framlegg til plan ut til offentleg ettersyn, er det greitt at dei ikkje er heilt usamde i det formannskapet føreslår. For å sikre at formannskapet har politisk forankring for dei vala dei gjer undervegs i planarbeidet, vil det vere aktuelt å ha ein kommunal dag og/eller andre passande møtepunkt med kommunestyret for informasjon om og drøfting av innhaldet så langt.

Kommunestyret skal gjere vedtak om å legge planen ut til **offentleg ettersyn**. Før kommunestyret handsamar saka, bør alle komitéane og formannskapet handsame saka og gje tilråding, på same måte som når ein handsamar budsjettet.

Når planen er lagt ut til offentleg ettersyn, vert det halde **folkemøte** for å presentere planutkastet. Møteforma og tal deltarar må vurderast og tilpassast smittevernreglane på det aktuelle tidspunktet.

Kommunen legg opp til å nytte Askvoll sine **internetsider** www.askvoll.kommune.no og facebook-side til å informere om planarbeidet. Aktuelle dokument som kunngjeringar, innspel og dokument, både vedtekne og til offentleg ettersyn, vil ein finne på heimesida.

Kommuneadministrasjonen er open for å ta i mot telefonar og møte einskildpersonar, næringsliv og organisasjonar når nokon ønskjer det. Kommunen tek gjerne i mot invitasjonar til møte med lag/organisasjonar for å presentere planarbeidet og få innspel. Administrasjonen vil òg ta formell/uformell kontakt etter behov/ønskje med offentlege instansar på fylkesnivå, skular/ungdomsrådet/andre kommunale organ, næringslivet, interesserte einskildpersonar, lag/organisasjonar og andre som allereie jobbar med tilgrensande spørsmål, for å få innspel og bakgrunnskunnskap. Dette kan til dømes vere aktuelt dersom ein ser at einskilde grupper ikkje er godt nok representerte blant dei som kjem med innspel eller medverker i planarbeidet.

Etter offentleg ettersyn skal kommunestyret handsame alle dei innkomne merknadene og vedta planen. Vedteken plan vert kunngjort i avisar og på kommunen sine internetsider, og sendt ut til fagstyresmaktene, lag/organisasjonar og andre interesserte.

6. FRAMDRIFTSPLAN

Eit skjema viser korleis ein tenkjer seg sakshandsaming og framdrift i planarbeidet. Oppsettet er ei grov oversikt, og det kan difor verte endringar.

År	2020												2021												
	Månad	1	2	3	4	5	6	7	8	9	10	11	12	1	2	3	4	5	6	7	8	9	10	11	12
Vedtak om oppstart og høyring av planprogram – Kommunestyret											X														
Kunngjering om oppstart og framlegg til planprogram																									
Høyring av framlegg til planprogram																									
Folkemøte																									
Handsaming av innspel til planprogram																									
Fastsetting av planprogram – Kommunestyret																		X							
Utsending av planprogram																									
Medverknad/innspel til planen																									
Innhenting av informasjon/utarbeiding av planframlegg																									
Vedtak om utlegging til offentleg ettersyn – Kommunestyret																				X					
Offentleg ettersyn av framlegg til plan																									
Medverknad/innspel til planen																									
Folkemøte																									
Handsaming av innspel til planen																									
Vedtak av planen – Kommunestyret																								X	
Kunngjering av planvedtak, utsending av planen																									